

Program for berekraftig økonomi 2025-2028



STAD

Stad kommune / 25. juni

Informasjon fra kommunedirektøren til tilsette

Info
25. juni
2025

Status for arbeidet med omstilling

I informasjonsskrivet 27. mai orienterte eg om at det ville bli lagt fram fleire politiske saker til kommunestyremøtet 19. juni med framlegg til korleis kommunen kan omstille seg og redusere kostnadene, slik at vi på sikt kan få eit driftsnivå i samsvar med inntektene våre.

Til den politiske møterunden i juni 2025, var mi tilråding til kommunestyret at arbeidet med organisasjons- og strukturendringar i heile organisasjonen må halde fram. Gjennom eigne politiske saker vart det synleggjort korleis kommunestyret kan arbeide vidare med:

- ny struktur for barnehagar og skular
- handlingsplan for helse- og omsorg inkl. bygg
- innsparing og endring i kultur og samfunn

I tillegg vart det lagt fram ei sak om oppstart av budsjettarbeidet for 2026 og handlingsprogram for perioden 2026 – 2029, og ei orienteringssak om status for arbeidet med hovudprosjektet «Sentraladministrasjonen».

Nedanfor finn de ei nærmere oversikt over vedtaka Stad kommunestyre gjorde i møte 19. juni i dei ovannemnde sakene. Informasjonsskrivet er omfattande - men eg håpar likevel at de tek dykk tid til å lese gjennom informasjonen.

Nytt innsparingskrav for 2025

Stad kommune er ein Robek- kommune. Kommunen sitt budsjett for 2025 er delvis finansiert med pengar frå disposisjonsfondet, dvs. ved bruk av kommunen sine sparepengar. Held vi oss til det vedtekne budsjettet for inneverande år, vil vi bruke 85,1 mill. kroner frå fondet for å oppretthalde dagens driftsnivå. Det same er planlagt for 2026. Etter dette vil disposisjonsfondet vere tomt, og kommunen vil ikkje ha fondsmidlar att til å dekka drifta slik den er i dag.

Dersom vi ikkje klarer å ta ned driftsnivået før 2027, vil kommunen måtte låne for å dekka underskotet. Slik gjeld må vanlegvis betalast tilbake allereie året etter, og samla innsparingskrav vil då bli endå større enn dagens nivå på 85 mill.



Administrasjonen, einingsleiarane og tillitsvalde har eit tett samarbeid i prosessen med omstilling, innsparing og reduksjon av driftsnivå.

Som Robek-kommune er Stad kommune pålagd å vedta ein tiltaksplan innan 30. juni 2025, som sikrar økonomisk balanse. Dette var oppe som ei eiga kommunestyresak 19. juni, sak KS-25/108.

Trass i eit omfattande og særskilt godt arbeid med omstellings- og endringstiltak i heile organisasjonen så langt i år, har vi ikkje lukkast å leggje fram ein tiltaksplan som gir økonomisk balanse. Dei føreslegne endringstiltaka er omfattande, men dessverre ikkje tilstrekkeleg radikale til å redusere driftsnivået med det budsjettet meirforbruket på 85 millionar kroner.

Stad kommunestyre tok denne informasjonen til vitande i møte 19. juni. Samstundes vedtok kommunestyret at det innan september skal leggjast fram ei sak med framlegg til straks-tiltak som, om mogleg, skal gi 10 mill. kroner innsparing med verknad allereie i 2025.

Ved tertialrapporteringa per 30. april 2025 låg Stad kommune på budsjett. Det vil såleis bli krevjande å finne og gjere innsparingstiltak på 10 mill. kroner innanfor gjeldande strukturar resten av året.

Vedtaket frå kommunestyret skal likevel følgjast opp. Dette vil mellom anna innebere restriksjonar knytte til tilsettingar, bruk av overtid og vikar, kurs og tenestereiser, og kjøp av varer og tenester. Retningslinjer vil bli utarbeidd etter møte med hovudtillitsvalde og hovudvernombod (HTV/HVO) i august.

Vidare arbeid med omstilling

Stad kommune må halde fram med omstellingsarbeidet. Kommunen må redusere det samla drifts- og tenestenivået. For å sikre eit godt grunnlag for det vidare arbeidet, skal vi utarbeide ein ny overordna plan. Denne vil inkludere ei oppdatert ROS-analyse og eit revidert omstellingsdokument mellom kommunen som arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Neste møte i Stad kommunestyre er den 11. september 2025. I dette møtet vil kommunestyret få ei ny sak om budsjett 2026 og handlingsprogram 2026 – 2029. Samstundes vil det også bli lagt fram ei eiga sak om det vidare omstellingsarbeidet.

Desse møtepunkta er sett opp fram til då:

- 24. juni: Møte med Statsforvaltaren i Vestland om oversending av tiltaksplan
- 21. august: HTV/HVO-møte


Eit nytt informasjonsskriv vil bli sendt ut etter 21. august, når det er avklart korleis kommunen skal arbeide vidare med omstilling og budsjettprosessen for 2026.

For meir informasjon om arbeidet med berekraftig økonomi, sjå:

[Stad kommune sitt Intranett for tilsette](#)

[Stad kommune si nettside](#)

[Politisk møtekalender](#)



Kommunestyret vedtok i møte 19. juni at det innan september skal leggjast fram ei sak om strakstiltak for innsparingar i 2025.

Oversyn over politiske saker i kommunestyremøte 19. juni 2025

Nedanfor er ei kort oppsummering av nokre saker som vart handsama i Stad kommunestyre 19. juni. Oppsummeringa dekkjer ikkje heile sakslista. Oppsummeringa er meint å gi ei overordna framstilling av saker med særleg betydning for tenestestrukturen og det vidare omstillingsarbeidet.

● Vedtak i saker knytt til oppvekst og opplæring

Endringar i barnehage- og skulestrukturen i Stad kommune

I møte 19. juni handsama kommunestyret sak KS-25/112, som omhandla ei vurdering av moglege strukturelle endringar av barnehage- og skulestrukturen i Stad kommune. Saka presenterte ei samla oversikt over dagens barne- og elevtal, mogleg innsparing ved ulike tiltak, samt ei førebels vurdering av det einskilde tiltaket. Som vedlegg til saka låg utarbeidde profilar for kvar barnehage- og skuleining i oppvekstsektoren. Desse profilane gir informasjon om utvikling i barne- og elevtal, kapasitetsutnytting, kompetansebehov, situasjon for bemanning, økonomi, bygningsmessige forhold og faglege vurderingar av tilbodet på eininga.

På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget rådde eg som kommunedirektør til at kommunestyret gjekk vidare med å vurdere strukturelle endringar innan barnehage og grunnskule for skulekrinsane Nordfjordeid, Haugen, Stårheim, Flatraket, Selje og Stadlandet.

Stad kommunestyre gjorde følgjande vedtak i saka:

Stad kommunestyre ber om at kommunedirektøren arbeider vidare med å vurdere følgjande strukturelle endringar innan barnehage og grunnskule, og utarbeider ei innstilling til kommunestyret i løpet av hausten 2025:

1. Nordfjordeid skulekrins

a Eid ungdomsskule og Nordfjordeid skule blir vurdert ifht samarbeid og samordning/samanslåing til ei eining.

2. Stårheim skulekrins

a Stårheim skule og Stårheim barnehage blir vurdert slått saman til ei eining ved Stårheim skule.
b Stårheim og Haugen krins blir vurdert slått saman til ein krins. Begge skulestadane vurderast som skulestad.

3. Haugen skulekrins

a Haugen og Stårheim krins blir vurdert slått saman til ein krins. Begge skulestadane vurderast som skulestad.

4. Flatraket skulekrins

a Flatraket skule og Flatraket barnehage blir vurdert slått saman til ei eining ved Flatraket skule.

● Vedtak i saker knytt til helse og omsorg

Handlingsplan for helse og omsorg 2025-2026

Kommunedelplan for Helse og omsorg vart vedteken 15. juni 2023, i sak KS-23/095. I møte 19. juni godkjende Stad kommunestyre sak KS-25/114, *Handlingsplan for helse og omsorg 2025-2026*. Arbeidet med å utforme handlingsplanen har vore god med forankring i både leiing og tillitsvaldsapparat. Det er lagt vekt på lokal kartlegging i dei ulike einingane, og desse vurderingane har danna grunnlaget for vala av tiltak. At tenestene sjølve har vore sentrale i å peike ut relevante tiltak, styrkjer eigarskapen og legg til rette for at planlagde tiltak vert gjennomførte.

Plan for helse - og omsorgsbygg

Stad kommunestyre har tidlegare bedt om at det også vart utarbeidd ein eigen plan for helse- og omsorgsbygg. Kommunen står overfor store samfunnsendringar som vil påverke behovet for omsorgsbygg og bustadløysingar. I tillegg til ein aukande eldre befolkning, ser vi også ein auke i talet på yngre teneste-mottakarar med omfattande hjelpebehov. Dette stiller krav til ei heilskapleg planlegging som inkluderer alle brukar-grupper – både eldre med hjelpebehov, personar med fysiske og psykiske funksjonsnedsettingar, psykiske lidinger eller rusproblem.

Stad kommune er i dag ikkje i ein økonomisk situasjon som gir rom for store låneopptak til utvikling og nybygg. Det er likevel avgjerande å planlegge for å møte framtida, og ein må då tenkje nytt omkring utvikling og samarbeid. Eit tettare samarbeid med private utbyggjarar vil vere viktig for å sikre eit variert og velfungerande bustadtild for innbyggjarane i Stad kommune.

Vedtak i saka:

I møte 19. juni vedtok Stad kommunestyre at kommunedirektøren skal arbeide vidare med planen for bygg knytt til helse- og omsorgstenestene i kommunen. Eit av tiltaka som inngår i dette arbeidet, er å flytte lærings- og aktivitetssenteret frå Hove til 1. etasje i kommunehuset i Selje. Innflytting skal vere gjennomført i løpet av hausten 2025.

Bryggja omsorgssenter

Kommunestyret gjorde i same møte også vedtak om å leggje Bryggja omsorgssenter ut for sal på den opne marknaden. Kommunedirektøren er gitt mynde til å gå i dialog med aktuelle interessentar for sal av heile eigedomen, inkludert dei kommunale gjennomgangsbustadane.

Det er ein klar føresetnad for sal av gjennomgangsbustadane at leigetakarane vert godt tekne i vare i prosessen, og at dei etter eit eventuelt sal har eit likeverdig butilbod (t.d. sold med eksisterande leigeforhold).



Ein eigen plan for helse- og omsorgsbygg i Stad kommune er under utarbeidning.

● Vedtak i saker knytt til kultur og samfunn

Under kommunalrådet Kultur og samfunn er det sett i gang 12 delprosjekt med mål om omstilling, innsparing og auka inntekter. Det er utarbeidd rapportar for alle delprosjekta, og eg vil særleg trekkje fram vedtaket knytt til oppfølging av delprosjekt 6, der administrasjonen har gjort ei vurdering av ytterlegare innsparinger med nedtak i tenestenivå, tal stillingar og aktivitetar.

Dei vedtekne endringane i dette delprosjektet går fram av oversikta på neste side:

Eining:	Tiltak	Konsekvens	Estimert innsparing
Plan og forvaltning	<p>Reduksjon av stilling med eitt årsverk. Gjennomføring: Det vert ikkje tilsett ny person i ledig stilling</p> <p>Vurdere interkommunalt samarbeid.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Redusert plankapasitet Planarbeid tar lenger tid Redusert omdømme 	800.000 kroner pr. år Utgreiing startar hausten 2025
Kommunal-teknikk	<p>Reduksjon av stilling med eitt årsverk innan VA på sikt. Gjennomføring: Skal skje ved ledig stilling i drift</p> <p>Det vert ikkje tatt inn ny lærling</p> <p>Reduksjon av 1 stilling i prosjekt. Gjennomføring skjer ved naturleg avgang/pensjon.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Redusert kapasitet Redusert kapasitet Negativt omdømme Redusert kapasitet til å følge opp investerings-prosjekt. 	800.000 kroner pr år (sjølvkost) 300.000 kroner pr. år 800.000 pr år (løn går på finansieringsprosjekt)
Kultur	<p>Reduksjon av stillingar med 1,4 årsverk ved innbyggartorg på kommunehuset i Selje. Gjennomføring: Det vert ikkje tilsett nye personar i ledige stillingar</p>	<ul style="list-style-type: none"> Reduserte tilbod til innbyggjarar Nedtak av tenester på grunn av redusert kapasitet. 	1 mill. kroner
Eigedom	<p>Ta vekk sommarbading dersom det ikkje blir finansiert av eksterne tilskot.</p> <p>Ta vekk sommarhjelper</p> <p>Redusere tal stillingar dersom tal formålsbygg blir redusert(strukturendring). Gjennomføring ved naturleg avgang.</p>	Reduserte tilbod til innbyggjarar Redusert vedlikehald av bygg og reduserte tenester til brukarar av bygg.	200.000 kroner 150.000 kroner Ikkje spesifisert
Brann og redning	<p>Fokus på beredskap er auka og nye lovpålagde oppgåver har kome til.</p> <p>Brann og redning har avvik på fleire lovpålagde oppgåver i dag. Det blir difor ikkje vurdert nedtak av stillingar.</p>		ingen

● Vidare arbeid i sentraladministrasjonen

Innanfor sentraladministrasjonen er det planlagt å gjennomføre 10 delprosjekt. Fram til kommunestyremøtet 19. juni har kommunedirektøren prioritert å gjennomføre delprosjekt 1 og 2 som gjeld 22 ulike tilskot og avtalar, som ein vurderer å avvikle, redusere eller vidareføre.

I tillegg er det gjort tiltak for å følgje opp politiske føringer om å redusere bruken av disposisjonsfond og redusere kjøp av tenester.

Etter sommarferien vil kommunedirektøren formelt starte opp delprosjektet *Organisering og oppgåveløysing i sentraladministrasjonen*. Dette arbeidet vil starte opp i samråd og tett dialog med aktuelle hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

Takk for at du tok deg tid til å lese gjennom dette informasjonsskrivet.

- Det er viktig for meg at du som tilsett i Stad kommune forstår situasjonen vi står i, kva som er bakgrunnen for omstillingane og at du får samla informasjon om tiltaka som vert gjennomførte.

Å stå i ei økonomisk krevjande tid merkast i kvardagen – både for oss som arbeider i kommunen og alle som bur her. Omstillinga er ikkje eit val vi har, men noko som kommuneorganisasjonen er pliktig til å gjennomføre.

Det er viktig å vere opne om utfordringane og tydelege på kva som må gjerast. Samstundes må vi ikkje miste motet, men forsøke å halde fast på det som gjer Stad til ein god kommune å jobbe i. Vi treng å hente fram krafta i det fellesskapet vi har.

Med ønskje om ein fin, velfortent ferie.

Med helsing
Kristine Dahl
Kommunedirektør

